



PROTOKOLL

Fellesrådsmøte

Stad: Kyrkjestugu

Tid: Torsdag 25 april kl. 18.30 - 21:30

Til stades:

- | | | |
|---------------------------|---------------------|------------------------------|
| • Arild Øystese Hansen | Leiar | |
| • Audun Vestenfor | Nestleiar | |
| • Liv A Solberg | Leveld | |
| • Inger Elise Kaslegard | Leveld | vara for Inger Haug |
| • Frøydis Stoveland Dekko | Torpo | |
| • Ingrid K Hajem | Ål | |
| • Marianne Laa | Ål | vara for Anne Kjersti Frøyen |
| | | |
| • Solveig L.Arnegard | Kommunerepresentant | |
| • Sveinung Hansen | Prost | |

Kopi sendt til:

- | | |
|--------------------------|------------|
| • Inger Haug | Leveld |
| • Anne Kjersti Frøyen | Ål |
| • Geir Wiknes | Sokneprest |
| • Kari Kristine Flatland | Torpo |

SAKLISTE:

Sak 18/24 Godkjenning av innkalling og referat fra forrige møte. Val av referent.

- Arild Ø Hansen skriv referat

Sak 19/24 Godkjenning av protokoll frå forrige møte.

- Ingen

Sak 20/24 Årsberetning Ål kyrkjelege fellesråd 2023. (Sjå eige vedlegg)

- **Handsaming/ kommentarar:**
Årsberetninga vart presentert av kyrkjeverja og tatt til etterretning utan store korreksjonar. Merknader på nokre detaljar var lagt inn i den endelege rapporten.
- I tillegg ynskjer Fellesrådet avklaring om kontrakt med kyrkjemusikarar, jfr. tidlegare sak om storleik på arbeidsavtalane for Ingunn Stræte og Håkon Tveito.



Sak 21/24 - Samarbeid med Hol kyrkjelege fellesråd om tilsetting av byggforvaltar.

Hol og Ål kyrkjelege fellesråd har fått tildelt 300 000,- frå Kyrkjerådet (sjå vedlegg).
Hol fellesrådet har fatta følgande vedtak:

«Kirkevergen bes diskutere prosjektstillingen med Hol og Ål kommuner i forhold til finansiering av felles kirkebyggforvalter.

Hol kirkelige fellesråd ønsker å lyse ut 2-årig prosjektstilling i 50 – 100% med mulighet for fast ansettelse under forutsetning av at Ål KF er med på å dekke kostnadene. Fellesrådet ønsker å holdes orientert i den videre prosessen, og å fatte endelig vedtak i saken.

Det stilles krav om formell kompetanse på fagskole- eller høyskolenivå. Arbeidssted kan være Ål eller Hol/Geilo.

Både drifts- og investeringsbudsjettet for 2024 revideres i neste fellesrådsmøte for å finansiere stillingen, primært ved hjelp av investeringsmidler.»

Det bes at Ål fellesråd diskuterer muligheter for opprettelsen a stillingen.

Vedtak – Samrøystes:

- Ål kyrkjelege fellesråd er av den oppfatning at beløpet er for lite til at ein ser nytteverdien av eit slikt samarbeid med Hol slik situasjonen er no. ÅKF vil gjerne samarbeide med Hol i framtida. ÅKF vil søke midlar til rehabilitering på bakgrunn av framtidig rapport frå Akasia i 2024.

Sak 22/24 - Konfirmantavgift 2025

Det vart lagt fram ei sak frå prosten om fastsetting av konfirmantavgift for 2025 av omsyn til god og tydeleg informasjon til konfirmantar og foreldre.

Det vart diskutert ulike modellar og beløp og ÅKF fatte til slutt vedtak i saka:

Vedtak – Samrøystes:

- Samlet konfirmantavgift for 2025 settes til kr. 1.800,-
- Soknerådet dekker 4-500,- pr. konfirmant og fellesrådet kr. 1.000, pr. konfirmant.
- Denne avgifta skal dekke både tur og opplegg ellers.
- Det kan søkes om refusjon av deler av denne avgiften.

Sak 23/24 - Personalsak – Unntatt offentlegheit



Sak 24/24 - Diverse informasjonssaker.

- **Trusopplærer:** Tilsetting av trusopplærer jamfør tidlegare handsaming, sak 03/24
- **Tiltak servicebygg Torpo:** Det er gjort avtale om oppstart av resterande arbeider for å føre fram vatn til WC på servicebygget på Torpo kyrkjegard. Fortidsminneforeininga har bekrefta at dei vil støtte tiltaket med kr. 20.000,-
- **Namna minnelund:** Arbeidande har påbegynt. Entreprenøren har sperra av ein del av kyrkjegarden og begynte å jobba med jordmassen. Det er mykje stein i jordmassane og denne etappen kan ta litt lengre tid enn opprineleg planlagt. Tiltaket skal være ferdig innan 1 august 2024.
- **Avtale Kyrkjebladet:** Det er inngått kontrakt med Hallingdølen med betre vilkår enn det ein hadde i tidlegare avtaler.
- **Sommarhjelp.** 8 søkjarar til stillingane som sommarhjelp på kyrkjegardane. 2-3 av desse får tilbod om tilsetting. ÅKF har også fått tilbod frå NAV om tilsetting av NAV-praktikant.

Sak 25/24 - Neste møte i ÅKF.

Det vart ikkje fastsett endeleg dato for neste møte.